

Saksbehandlar: Lars Hustveit, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 17/9180-3

Lærdal kommune. Omstillingsløyving 2018

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

- 1 Lærdal kommune vert tildelt ei løyving på 2,8 mill kr til omstillingsarbeid i 2018. Midlane vert dekkja med midlar frå næring og kultur sitt budsjett for 2018, tenestoområde 7015 Nyskaping, midlar avsett til omstillingsarbeid. Unytta løyvingar til Lærdal kommune frå tidlegare år kan overførast til bruk i 2018.

Vedlegg:

Søknad frå Lærdal kommune – omstillingsmidlar for 2018

Andre relevante dokument i saka:

Saksutgreiing for Hovudutval for næring og kultur, Omstillingsløyvinga 2017 (sak nr 16/8709-3) handsama 31.01.2017

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Lærdal kommune går inn i siste året som formell omstillingskommune. Arbeidet har 2 programområde; Vekst Lærdal og Attraktive Lærdal. Det vert søkt om kr 3.750.000 i omstillingsløyving.

2. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Kommunal og moderniseringsdepartementet har tildelt Sogn og fjordane fylkeskommune skjønnsmidlar til omstillingsføremål. Lærdal er einaste kandidat til omstillingsmidlar for 2018. det er sett av kr 2.800.000 til omstillingsføremål i budsjettet vårt for 2018

Historikk - tidlegare vedtak

I sak 5/17 om omstillingsløyvinga for 2017 gjorde hovudutvalet slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev Lærdal kommune ei løyving på inntil 3 500 000 kr til omstillingsarbeidet i 2017. Unyttta omstillingsmidlar frå tidlegare års løyvingar vert godkjent overført til bruk i 2017.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil i eiga sak seinare i 2017 ta stilling til overføring av restmidlar omstilling 2017 til omstillingsføre mål i 2018. Deler av midlane kan øyremerkast omstillingsføre mål i Lærdal i 2018, som er Lærdal sitt siste omstillingsår.

Vilkår for omstillingsløyvinga

- Det skal leggest vekt på høg kvalitet og god styring i alle prosjekta. Innovasjon Norge sin prosjektleiarprosess (PLP – prosjektlederprosessen) skal nyttast i alle prosjekt
- All støtte til bedrifter skal vere i samsvar med EØS - avtalen sine retningsliner om offentleg støtte til næringslivet
- Vilkår elles går fram av tilsegnsbrevet

Vilkår for øyremerking av omstillingsmidlar til Lærdal 2018

- At kommunen har realistiske planar med innhald og kostnader som tilfredsstillar retningslinene for omstillingsløyvingar (kap 550 post 60), og at kravet om lokal medfinansiering er oppfylt.

Andre opplysningar

I byrjinga av omstillingsperioden vart det lagt vekt på samarbeid med Årdal kommune. I praksis er omstillingsprosjektet no avgrensa til utviklingsarbeid i Lærdal.

3. Søknaden og fråsegn frå Innovasjon Norge

3.1 Søknaden

Lærdal kommune søker om kr 3.750.000 i omstillingsmidlar for 2018. Udisponerte omstillingsmidlar frå 2017 er i søknaden oppgitt til kr 950.000. Desse vert søkt overførte til 2018.

Lærdal kommune skriv innleiingsvis i omstillingsprogrammet (som er godkjent av kommunestyret 14.12 2017):

«I samband med omstillingsstatuesen vart det laga ein plan for omstillingsarbeidet, «Utviklingsplan for omstilling i Lærdal 2013 – 2017.» Denne vart vedteken av kommunestyret i Lærdal 20.06.2013. Utviklingsplanen er eit overordna styringsverktøy for omstillingsarbeidet i Lærdal kommune.

Som grunnlag for utviklingsplanen vart det gjennomført ein grundig utviklingsanalyse av næringslivet og samfunnet i Lærdal dei siste 10 åra fram til 2012. Både kommunestyret, omstillingsstyret, næringslivet og privatpersonar var sterkt engasjerte og involverte i dette arbeidet. Basert på utviklingsanalysen vart ulike strategiske moglegheiter testa ut og forankra i kommunen, i det politiske miljøet og i næringslivet. Denne prosessen danna grunnlaget for utarbeiding av den endelege utviklingsplanen for omstillingsarbeidet.

Hausten 2015 vart omstillingsplanen revidert, med formål å spissa satsingane i Omstillingsarbeidet Den reviderte planen, som skal vera styringsverktøy for resten av omstillingsperioden, vart vedteken av kommunestyret i Lærdal 17.12.2015.

Den reviderte om stillingsplanen har to programområde:

A – Vekst i Lærdal - med fokus på å utvikla næringslivet slik at det blir skapt fleire lønnsame arbeidsplassar både gjennom nyetableringar og i eksisteranden næringsliv.

B – Attraktive Lærdal – med fokus på å utvikla eit attraktivt lokalsamfunn som gjer at ein aukar tilflyttinga til Lærdal og gjer Lærdal til ein god plass å besøka heile året.

Programområda er utforma slik at omstillingsarbeidet skal ha eit heilskapleg

utviklingsperspektiv med næringsutvikling sett inn i ein god samfunnsmessig kontekst.»

Programstatusvurderinga i 2017 konkluderte med at Lærdal arbeider godt i høve vurderingskriteria. Rådet var å fokusere sterkare på det å skape arbeidsplassar. Det vert peika på at lokalt næringsliv i større grad må ta eigarskap til utviklingsprosjekt.

Handlingsplanen:

| A: Vekst i Lærdal | B: Attraktive Lærdal |
|---|--|
| <p>Hovudmål:</p> <p>Det natur- og kulturbasert ressursgrunnlaget skal vera sentralt i alt arbeid med nærings- og samfunnsutvikling, og brukast som fundament for ei breiare satsing på grøn næringsutvikling.</p> <p>Lærdal skal vera leiande på vekst i etablert næringsliv og med knoppskyting innan næringar der kommunen har sterke tradisjonar og naturlege fortrinn.</p> | <p>Hovudmål:</p> <p>Lærdal skal til ei kvar tid ha tilgjengeleg varierte bustadalternativ og byggjeklare tomter.</p> <p>Lærdal skal vera eit inkluderande og mangfaldig lokalsamfunn der alle skal trivast og vera trygge.</p> |
| <p>Mål:</p> <p>Det skal vera minst 1.200 arbeidsplassar i Lærdal innan utgangen av 2020 (1.010 arbeidsplassar i 2012).</p> <p>Me skal bidra til å skapa minst 5 bedrifter knytt til det grøne skiftet.</p> | <p>Mål:</p> <p>Det skal vera 2.300 innbyggjarar innan utgangen av 2020 (2.176 i 2012). Det skal vera 525 innbyggjarar i aldersgruppa 20-40 (475 i 2012).</p> <p>Omsetnaden i detaljhandelen skal veksa meir enn landsgjennomsnittet.</p> <p>Tilfredsheitsmåling i 2016 og 2018 blant innbyggjarar og besøkande i Lærdal, med mål om 10 prosentpoeng forbetring.</p> |
| <p>Ansvarleg for gjennomføring:</p> <p>Omstillingsprogrammet og LNU</p> <p>Lærdal kommune</p> <p>Næringslivet</p> | <p>Ansvarleg for gjennomføring:</p> <p>Omstillingsprogrammet og LNU</p> <p>Lærdal kommune</p> <p>Næringslivet</p> <p>Arrangørar, lag og organisasjonar</p> |
| <p>Prioriterte prosjekt i 2018</p> <ul style="list-style-type: none"> • Utvikling Håbakken Næringspark • Tataki • Offentlege arbeidsplassar • Næringsvenleg region • Søkbare midlar – ikkje spesifiserte prosjekt <p><i>(Prosjekt med eksterne A-eigarar)</i></p> | <p>Prioriterte prosjekt i 2018</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tettstadutvikling • Levande lokale • Arrangementskoordinator • Nye tilflyttarar • Profilutvikling og kommunikasjon • Søkbare midlar – ikkje spesifiserte prosjekt <p><i>(Prosjekt med eksterne A-eigarar)</i></p> |

Kostnader og finansiering:

| | |
|---|---------------------|
| Utvikling Håbakken Næringspark | Kr 1 100 000 |
| Tataki | Kr 700 000 |
| Offentlege arbeidsplassar | Kr 400 000 |
| Næringsvenleg region | Kr 200 000 |
| Søkbare midlar – ikkje spesifiserte prosjekt (Prosjekt med eksterne A-eigarar) | Kr 500 000 |
| Sum kostnader «Vekst i Lærdal» | Kr 2 900 000 |
| Tettstadutvikling | Kr 550 000 |
| Levande lokale | Kr 950 000 |
| Arrangementskoordinator | Kr 400 000 |
| Nye tilflyttarar | Kr 100 000 |
| Profilutvikling og kommunikasjon | Kr 300 000 |
| Søkbare midlar – ikkje spesifiserte prosjekt (Prosjekt med eksterne A-eigarar) | Kr 500 000 |
| Sum kostnader «Attraktive Lærdal» | Kr 2 800 000 |
| Administrasjon | Kr 700 000 |
| Sum kostnader | Kr 6 400 000 |
| Udisponerte omstillingsmidlar Sogn og Fjordane fylkeskommune | Kr 950 000 |
| Udisponerte omstillingsmidlar Lærdal kommune | Kr 450 000 |
| Eigendel omstillingsmidlar Lærdal kommune 2018 | Kr 1 250 000 |
| Søknad omstillingsmidlar Sogn og Fjordane fylkeskommune 2018 | Kr 3 750 000 |
| Sum finansiering | Kr 6 400 000 |

3.2 Fråsegn frå Innovasjon Norge

Innovasjon Norge er observatør og rådgjevar for omstillingsstyret. Dei har gitt slik fråsegn i januar 2018:

«Generelt

Innovasjon Norge skal gjere ei vurdering av søknaden frå Lærdal kommune om omstillingsmidlar 2018. Grunnlaget for vår vurdering er basert på handlingsplanen for omstillingsprogrammet og IN sin rolle som observatør i styret slik denne rolla er definert av fylkeskommunen.

Bakgrunn og plan

Lærdal fekk omstillingsstatus av di kommunen over ein periode mista fleire attraktive arbeidsplassar. «Opplysningen 1881» vart avvikla, og Lærdal sjukehus hadde utfordringar i forhold til strukturendringar i sjukehussektoren. Nabokommunen Årdal hadde problem i samband med at Dooria AS vart avvikla og stadige rasjonaliseringar i Hydro. Det er også demografiske utfordringar i begge kommunane.

Omstillingsarbeidet er organisert som eit kommunalt prosjekt der Lærdal Næringsutvikling AS er innleigd for å gjere det operative arbeidet. I omstillingsstyret sit ordføraren i Lærdal

(styreleiar), ein representant frå Årdal (ordførar), representantar for næringslivet og ein ekstra representant frå kommunen.

Omstillingsplanen for Lærdal vart revidert i 2015 og gjeldande for 2016 – 2018. Saman med denne er det utarbeidd handlingsplan for 2018. Planane er laga i samarbeid med det lokale næringslivet og har som visjon: «Lærdal – Det beste heile året». Planen inneheld to programområde som er:

- A. Vekst i Lærdal
- B. Attraktive Lærdal

Det er også definert nye mål i omstillingsplanen for perioden fram til og med 2020. Programområdet A skal bidra til at det skal vere 1 200 arbeidsplassar i kommunen innan utgangen av 2020 og til å skapa minst 5 bedrifter knytt til det grønne skiftet innan 2020. Programområdet B skal bidra til at det skal vere 2300 innbyggjar innan utgangen av 2018 og 525 av desse skal vere i aldersgruppa 20 – 40 år. Det er også sett som mål at omsetnaden i detaljhandel skal vekse meir enn landsgjennomsnittet, og at tilfredsheitsmålingar blant innbyggjarar og besøkande i Lærdal skal forbetrast.

Vurdering av arbeid og resultat i 2017

Administrasjonen gjer ein god jobb i høve omstillingsprogrammet og arbeider godt, effektivt og planmessig med mange gode prosessar og prosjekt. Arbeidet i 2017 har likevel vore noko redusert på grunn av at 2 tilsette slutta i perioden. Styret er breitt samansett og har medlemmer med lang erfaring i styrearbeid. Dei arbeider også proaktivt, har god kompetanse og samarbeider godt med administrasjonen.

Ein av dei største utfordringane i omstillingsarbeidet i Lærdal er å få til eit sterkare engasjement og A-eigarskap frå næringslivet. Effekten av utviklingsarbeid vert betre når næringslivet tek ansvar for å gjennomføra utviklingsprosessane.

Syssettinga Lærdal fekk ein solid oppgang i 2014, men denne positive utviklinga har diverre ikkje halde fram dei siste åra. Men i forhold til første omstillingsåret så har syssettinga auka med netto 29 personar.

Når det gjeld folketalsutvikling er resultatata dårlegare (2157 personar ved utgangen av 3. kvartal). Det er ein nedgang på 19 personar i høve basisåret 2012.

Handlingsplan 2018

Satsingane i handlingsplanen for 2018 er godt i samsvar med intensjonen for begge programområda i omstillingsplanen og byggjer opp under måla. Handlingsplanen har totalt 9 prosjekt fordelt på 2 forstudiar, 2 forprosjekt og 5 hovudprosjekt.

Hovudsatsinga vert utvikling av Håbakken Næringspark der prosjekt som er knytt til Lærdal sine sterke tradisjonar og det grønne skiftet vert prioritert. Eit anna viktig område er bu- og tettstadsutvikling der «Levande lokale» er eit viktig element. «Tataki»-prosjektet skal gjennomføre tiltak som kan bidra til å skape nye haldningar til å drive utviklingsarbeid og styrke Lærdal sin samla utviklingskapasitet for å få fleire A-eigarar i næringslivet. Viljen til A-eigarskap handlar om kultur og haldningar. Dette prosjektet, til liks med fleire av dei andre, er av langsiktig karakter slik at ein ikkje vil kunne forvente resultat på kort sikt. Planen har ein kostnad på 6,5 mill. kr som er noko ambisiøs dersom det ikkje vert sett inn ekstra administrative ressursar.

Det er likevel eit potensiale til god auke i syssettinga sjølv om ein ikkje når målet for 2020. Resultata viser seg erfaringsmessig først på slutten av omstillingsperioden eller etterpå. Planverk og organisasjon er solid, og vår vurdering er at føresetnadene for å lukkast vidare med omstillingsarbeidet er til stades.

Konklusjon

Med bakgrunn i desse vurderingane vil Innovasjon Norge rå til at det vert løyvd naudsynte midlar til omstillingsarbeidet i Lærdal i 2018.»

4. Vurderingar og tilråding

Fylkeskommunen og Innovasjon Norge har følgd arbeidet i Lærdal tett sidan arbeidet vart sett i gang. Dette arbeidet vil halde fram også i 2018.

Fylkesdirektøren sluttar seg til vurderingane formulerte av Innovasjon Norge ovanfor. Når arbeidet no skal slutførast, kan det vise seg trong for finansiering - særleg på Håbakken - som kan krevje medverknad frå innovasjon Norge og fylkeskommunen. Dette kan ikkje vurderast nærare no.

I tilsegnsbrevet til kommunen vil fylkesdirektøren formulere vilkår for løyvinga i samsvar med tidlegare omstillingsløyvingar frå fylkeskommunen.

Fylkeskommunen har i budsjettarbeidet vurdert ulike utviklingstiltak i fylket opp mot kvarandre. Det er sett av kr 2.800.000 til omstillingsarbeidet i Lærdal. Summen er noko mindre enn omsøkt. Fylkeskommunen føreset at arbeidet vert fullfinansiert eller at omstillingsstyret alternativt justerer ned aktivitetsnivået i samsvar med tilgjengelege midlar.